

ÅRSMELDING

GULATING LAGMANNSRETT 2019



Tingrettane i lagdømet



ÅRSMELDING

GULATING

LAGMANNSSRETT

2019

Førstelagmannen har ordet	4
Saksavvikling og statistikk	5
Gulating lagmannsrett med i «Opptak i retten»	8
Ny giv for tvistelova	9
Juridiske utgreiarar i Gulating	9
Gulating på Island	11
Åpen dag	12
Tanker fra en nyslått pensjonist	13
Gulating lagdøme	14
Organiseringa av Gulating lagmannsrett	14

FØRSTELAGMANNEN HAR ORDET

I Gulating har me lagt bak oss endå eit år med høg aktivitet og store endringar.

Digitaliseringa gjer stadige byks framover og me avviklar no dei fleste sakene digitalt. Konkret inneber det at me mottek alle saksdokument digitalt, og at alle dokumentbevis vert lagt fram digitalt i retten. Førebelts signererer me dommane våre på «gamlemåten», men reknar med at digital signatur vert innført i løpet av 2020. Vonleg vil den digitale samhandlinga etter kvart og verta utvida til å omfatta meddommarar, tolkar og sakkyndige.

I 2019 vart det bestemt at Gulatings skal vera pilot for gjenbruk av lyd- og bildeopptak frå tingretten. Konkret vert det no gjort opptak av part- og vitneforklaringer i Jæren tingrett som lagmannsretten skal spela av når sakene vert anka hit, i staden for å høyra vitna direkte. Hausten 2019 gjekk med til tekniske oppgraderingar og utprøving, samt utarbeidning av retningsliner for prosjektet. Me har no motteke den første lyd- og bilde-saka og vonar piloten vil gje oss eit godt grunnlag for å meina noko om korleis lyd- og bildeopptak eventuelt skal takast i bruk i domstolane. Prosjektet er omtala nærmare i denne årsmeldinga.

Gulating hadde i 2019 særskilt fokus på sakstyring i sivile saker. Målet med tvistelova frå 2008 var at saker som vert anka til lagmannsretten skulle «spissast» til å omhandla det partane eigentleg er usamde om, og at ankeforhandlingane skulle verta kortare. Diverre har utviklinga gått feil vei. Ankeførehavingane vert stadig lengre og sakskostnadene aukar tilsvarande. Det har me i Gulating teke mål av oss til å gjera noko med. Kva me har gjort, og kva planar me har framover, kan du lesa meir om i årsmeldinga.

Juridiske utgreiarar har vore ein del av staben i Gulating sidan 2011. Eininga byrja med to utgreiarar, og vaks i 2019 til åtte. Om rolla til utgreiarane og kva dei arbeider med kan du også få innsyn i lenger bak i årsmeldinga.

Eit anna område me har hatt fokus på er rettsmekling. Ein av våre mest erfarne rettsmeklarar gjekk i 2019 av for aldersgrensa, men etterlet seg ei solid arv som våre «nye» rettsmeklarar har teke over og skal vidareutvikla. Dei leverte svært solide resultat allereie i 2019, og vil fortsetja det gode arbeidet i 2020. Me ser på rettsmekling som eit sentralt og viktig tilbod til alle som ankar sivile saker til lagmannsretten. Målet vårt er å ha ein sterk og

synlig profil på dette feltet når det frå sentralt hold no er bestemt at alle norske domstolar i 2020 skal ha særskilt fokus på rettsmekling.

Fleire har slutta og byrja i lagmannsretten i 2019. Lagmann Jan Erik Erstad gjekk av ved årsskiftet etter lang og tru teneste, og deler sine tankar om livet i lagmannsretten i årsmeldinga.

Me har i 2019 også hatt eit skarpt blikk på korleis me nyttar arbeidskrafta til dei administrativt tilsette. Mange har på imponerande vis utvida kompetansen sin og teke på seg nye oppgåver. Dei stadige kutta i domstolane sine budsjett har gjort arbeidet med effektiv ressursutnytting til den nye kvarldagen. Sjølv om det er viktig å fokusera på effektiv ressursutnytting er me urolege for kva innverkan budsjettutta vil få på saksavviklinga vår framover.

Førstelagmann Magni Elsheim



«Førstelagmann Magni Elsheim – foto: Bjørn Erik Larsen»

SAKSAVVIKLING OG STATISTIKK

Me har lagt bak oss nok eit år med stor aktivitet og høg saksavvikling i Gulating lagmannsrett. Tendensen me har sett dei siste åra med færre innkomne saker held fram. Den største nedgangen ser me på innkomsten av sivile saker. Me har innanfor fleire saksområde fått ned behandlingstida i 2019, og me har for dei sivile sakene og straffesakene ei behaldning og ein beramningshorisont som gjer oss eit godt utgangspunkt for 2020.

2019 har og vore eit år med stor reiseverksemd for dommarane i domstolen, og 45 % av alle sakene har vore avvikla med rettsmøte utanfor Bergen.

Sivile saker

Me fekk inn 337 sivile ankesaker i 2019 mot 366 saker året før, og då året var slutt hadde me ei behaldning på 164 saker som er 15 saker færre enn i 2018. Me avgjorde i fjar fleire saker enn me fekk inn, og behandlingstida var i snitt 170 dagar. Dette er ei auking av behandlingstida frå 2018, men me er likevel godt under måtalet for gjennomsnittleg behandlingstid for denne sakstypen som er 180 dagar.

Dette inneber at me har ein akseptabel beramningshorisont ved inngangen til 2020, og at partane kan få saka si opp til ankeforhandling innan 4–6 månader.

Ved bruk av rettsmekling har me eit godt tilbod til dei som ikkje vil venta så lenge, og som ynskjer å koma fram til en løysing både partar kan leva med. I 2019 blei det rettsmekla i 60 saker, og i 91 % av desse blei saka forlikt og endeleg avgjort. Dette er også eit resultat me er særskilt nögd med.

Straffesaker

Me mottok i 2019 totalt 483 ankar over dom i straffesaker. Dette er ein nedgang på 29 saker frå året før. Behandlingstida totalt for straffesakene har vore 157 dagar i snitt. Me har i 2019 prioritert dei mest alvorlege straffesakene (bevisanke over 6 år), og saksbehandlings-tida har i desse sakene gått ned frå 186 dagar i 2018 til 159 dagar i 2019. Me har hatt som internt mål å halda behandlingstida for bevisankane og meddomsrettsaker under 180 dagar, og kom nær opp til dette målkravet i 2019. Stortinget sitt mål er 3 månader.


Ved årsskifte er behaldninga av straffesaker som er fremma til ankeforhandling 103 saker, dei fleste av desse sakene gjeld anke over skuldspørsmålet/bevisankar. Dette gjer oss ein beramningshorisont på 4–6 månader for straffesaker.

I 2019 vart 44 % av ankane i straffesaker viste til ankeforhandling, dette er noko fleire enn i 2018 kor 40 % av ankane vart fremja.

Anke over dom i sivile saker



Anke over dom i straffesaker



Anke over orskurd/vedtak i straffesak

Me har motteke 548 ankar over orskurd/vedtak i 2019. Dette er ein nedgang på 7 % frå 2018, og er ei utvikling me har sett dei siste åra. Dei fleste av desse sakene er ankar i saker som gjeld varetektsfengslingar. Andre vanlege sakstypar er mellombels beslag av førarkort og besøks/kontaktforbod. Desse sakene er prioriterte og vert behandla skriftleg etter kvart som dei kjem inn med ei gjennomsnittlig behandlingstid på 7 dagar.



Anke over orskurd/vedtak i sivil sak

I 2019 fekk me inn 288 ankar over orskurd/vedtak i sivile saker. Dette er 17 færre saker enn året før, og samtidig har me hatt ei auke i behaldninga. Behandlingstida var i fjor 58 dagar.




Avvikling av ankesaker i lagdømmet

Gulating lagmannsrett er ein reisande domstol, og utviklinga dei siste åra er at me avviklar stadig fleire rettsmøte utanfor Bergen. I 2019 vart om lag 55 % av alle saker avvikla i Bergen, og 43 % av straffesakene vart gjennomførte i Stavanger.

For dommarane våre vert det mange reisedøgn til Stavanger. I diagramma under går det fram kor me avvikla saker i lagdømmet i 2019.

Direktør Kari Tepstad Utvær



Saksavvikling i perioden 2014–2019

INNKOMNE SAKER	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Anke over dom i sivile sak	423	417	387	382	366	337
Anke over orskurd/vedtak i sivile	320	351	313	307	305	288
Overskjønn	13	21	19	16	13	18
Bevisanke over 6 år 1)	57	61	73	62	71	66
Meddomsrett 2)	86	96	94	85	87	83
Fagdommarsaker	70	41	45	61	50	51
Ankeprøving	519	559	549	534	512	483
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	672	603	672	624	585	548
<hr/>						
AVGJORTE SAKER	2014	2015	2016	2017	2018	
Anke over dom i sivile sak	429	446	413	398	322	352
Anke over orskurd/vedtak i sivile	300	375	311	306	305	259
Overskjønn	18	17	20	18	17	11
Bevisanke over 6 år 1)	59	53	65	73	68	64
Meddomsrett 2)	95	91	97	96	99	70
Fagdommarsaker	81	42	51	55	54	50
Ankeprøving	520	555	547	516	529	460
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	670	601	672	622	583	546
<hr/>						
BEHALDNING	2014	2015	2016	2017	2018	
Anke over dom i sivile sak	221	188	160	139	179	164
Anke over orskurd/vedtak i sivile	54	32	35	37	36	64
Bevisanke over 6 år 1)	24	32	43	30	31	39
Meddomsrett 2)	33	42	45	40	32	45
Fagdommarsaker	13	13	10	17	15	19
Ankeprøving	26	27	27	40	20	34
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	15	18	21	10	13	15
<hr/>						
BEHANDLINGSTID (dagar)	2014	2015	2016	2017	2018	
Anke over dom i sivile sak	204	179	169	161	141	170
Anke over orskurd/vedtak i sivile	47	51	46	42	48	58
Bevisanke over 6 år 1)	179	190	221	176	186	159
Meddomsrett 2)	157	197	194	180	162	172
Fagdommarsaker	110	111	129	129	114	132
Ankeprøving	21	19	19	21	22	17
Anke over orskurd/vedtak i straffesak	5	7	7	7	6	7

1) Gjeld Lagrettesaker og bevisanke over 6 år

2) Gjeld både meddomsrett bevisanke og begrensa meddomsretssaker

GULATING LAGMANNSRETT MED I «OPPTAK I RETTEN»

Gulating lagmannsrett og Jæren tingrett vart i 2019 deltarar i eit prøveprosjekt med lyd- og biletteopp-tak av forklaringar under hovudforhandlinga. Opp-taka av forklaringane skal i etterkant som hovudregel nyttast under ankehandsaminga i lagmannsretten. Prøveordninga gjeld både sivile saker og straffesaker.

Ordninga vart starta opp i 2016 i Nord Troms tingrett og Hålogaland lagmannsrett. Bakgrunnen for utvidinga av prøveprosjektet er å få eit større erfaringsgrunnlag med ordninga. Dels som grunnlag for å ta stilling til korleis arbeidsflyten mellom tingrettane og lagmannsrettane bør vere i framtida, og dels som grunnlag for eit eventuelt framtidig val om utrulling av «Opptak i retten» til alle domstolar i landet.

Norge har lenge vore i ein særstilling ved ikkje å ha notoritet omkring forklaringar gjeve i retten. Opptak av forklaringane vil gje rettstryggleik gjennom at forklaringane til partar og vitne vert sikra. Minnet vert gjerne därlegare etter kvart som tida går. Det vert òg vanskelegare for den som skal forklara seg å tilpassa forklaringa seinare.

Det er därleg ressursbruk i retten og unødvendig belastande for vitne og andre aktørar at dei må forklara seg på nytt under ankeforhandlinga. Ved opptak av forklaringane i tingretten og gjenbruk i lagmannsretten, vil ein i større grad unngå denne belastninga. Det som ikkje er omtvista bør òg uprøvd kunne leggjast til grunn av lagmannsretten.

Gjenbruk av forklaringar kan vera eit viktig ledd i å gjera lagmannsrettane til ein reell ankeinstans. Dette inneber at lagmannsretten ikkje føretok ei ny handsaming av alle spørsmål i saka. Gjenbruk av forklaringar frå tingretten skal som hovudregel nyttast under ankeforhandlinga, men kan òg gjerast gjeldande og nyttast av lagmannsretten i samband med vurderinga av om ein anke skal nektast fremja.

Omsynet til redusert rettsmøtetid og ei meir konsentrert sakshandsaming i lagmannsretten, skal ikkje føre til ein tilsvarande auke i volum og utflytande prosess for tingretten.

Det er saksførebuande domar i lagmannsretten som avgjer om opptaka frå tingretten skal nyttast under ankeforhandlinga og i kva utstrekning dette skal skje. Aktørane skal få høve til å uttala seg til om opptak av forklaringar frå tingretten skal nyttast.

Ordninga tilseier at det berre unntaksvis vil skje ei supplerande bevisføring i lagmannsretten i form av tilleggsforklaring frå tiltalte, den krenkte, partar og vitne. Krav om ny eller supplerande forklaring må vere særleg grunngjeve. I den grad supplerande forklaring skal skje, skal opptaket som hovudregel spelast av før forklaringa vert gjeve.

I ankeerkläringa skal det gå fram kva delar av den aktuelle forklaringa som vert kravd gjennomgått i ankesilinga. Krava som vert stilt til ankeerkläringa må sjåast i samband med etterfølgjande planmøte. Partane må i planmøtet grunngje kvifor dei ynskjer gjenbruk av forklaringar frå hovudforhandlinga i tingretten.

I sivile saker er planmøte ein viktig del av saksførebuinga for lagmannsretten. Eit av formåla med planmøter er å avklara dei ulike tvistetema mellom partane i saka. Ankeforhandlinga vil då kunne konsentrerast om dei sentrale tvistetema.

Ordninga med gjenbruk av forklaringar for lagmannsretten, inneber ikkje at andre delar av prosessordninga vert endra. I sivile saker vil retten sin leiar framleis halda ei innleiing, og advokatane må førebu innleiingsføredrag og sluttinnlegg. Prøveordninga endrar korleis aktørane førebur saka i høve til bevisføringa.

Under prøveordninga må påtalemakta og advokatane innretta seg etter at handsaminga til lagmannsretten i større grad enn tidlegare vil vera ein etterkontroll av tingretten sin dom og handsaming av saka. Overprøving av domen vert basert på grunngjevinga for anken, tilgjengeleg informasjon om sakshandsaming og opptak av bevisføringa for tingretten. Føremålet er at domstolane skal styra saka for å oppnå ei forsvarleg, konsentrert og effektiv handsaming av sakene for lagmannsretten.

Hausten 2019 gjekk i det store og heile med til installering og utprøving av naudsnyt teknisk utstyr og informasjon til brukarane om ordninga. No er lagmannsretten klar til å handsama dei første ankesakene frå Jæren tingrett.

Lagmann Martin Tenold



Frå møte med advokatane i Jæren tingrett der tingretten og lagmannsretten informerte om prøveordninga. Fremst står tingrettsdommar Ørjan Grønlid og lagmann Martin Tenold. Foto: Jan Morten Iversen

NY GIV FOR TVISTELOVA

Tid er pengar, ikkje minst i retten. Domstolen har ikkje endelaust med tid, og dei som vender seg til domstolen, har ikkje endelaust med pengar. Det var stoda då tvistelova tok til å gjelda 1. januar 2008, og det er stoda i dag. Tvistelova er «kokeboka» som fastset korleis saker skal handsamast i retten. Då lova kom, var målet at domstolane skulle bruka mindre tid enn før på kvar einskild sak, og at kostnadene med å føra saker for domstolane skulle reduserast. Men lovgjevar sitt mål om ein kostnadsreduksjon på 30 % var tufta meir på optimisme enn realisme.

Tvistelova har på mange vis vore ei god lov, sjølv om den ikkje har innfridd med omsyn til tidsbruk og kostnader. No freistar domstolane i samarbeid med advokatane å snu ein uheldig trend og få ned tidsbruken. Lukkast det arbeidet, er det von om at domstolane vil auka sin kapasitet og at kostnadene for partane samstundes vil gå ned.

Det er ikkje nok å vedta ei målsetting om dette. Det krev arbeid, for ikkje å seia samarbeid. I tråd med dette vart det etablert ei arbeidsgruppe med medlemmer fra Dommarforeininga, Den Norske Advokatforeining og Domstoladministrasjonen. Gruppa gjorde ein analyse av årsak og verknader og laga eit framlegg til nasjonale retningsliner til bruk under saksførebuinga i domstolane. Etter ein lokal prosess vart dei føreslegne retningslinene vedteke og tekne i bruk i Gulatings lagmannsrett.

Lagmannsretten handsamar – med nokre få unntak – berre saker som alt er avgjorde i tingretten. Når ei sak kjem til Gulatings er det såleis brukt mykje tid og energi på saka. Det lyt både domstol og advokatar i større grad bli flinkare til å nytta seg av. Når ei sak kjem til lagmannsretten som ei ankesak har ein av partane gjort gjeldande at det er feil eller manglar ved domen frå tingretten. Det kan gjelda måten saka er handsama på, det faktum tingretten har lagt til grunn for si vurdering eller det kan vera feil ved tidsbruken. Når ei ankesak er fremja til muntleg forhandling – rettsmøte – har partane for ofte lagt opp til ei overprøving av heile saka. Og domstolane har for ofte godteke det.

Eit siktemål med dei nye retningslinene for saksførebuinga er at domstolen saman med advokatane, i større

grad skal fokusera på kva del av dommen anken gjeld og avgrensa prosessen til å gjelde denne delen. For ofte har ein i lagmannsretten opplevd at partane i lagmannsretten vil ha ei ny, full prøving av dei spørsmåla som var oppe for tingretten, og ikkje styrt saka inn mot tvistetema det er usemje om. Som døme kan ein tenka seg ei avskils-sak. Der har tingretten skrive kva tid arbeidstakaren vart tilsett, kva for arbeidsoppgåver han eller ho hadde etc. Når arbeidskonflikten kjem til lagmannsretten, er kanskje tema om arbeidsgjevar fylgde formreglane for oppseiling. Då må det vera temaet for provføring, ikkje alt det andre. Her vert det synda. Partane vil vera visse på at dommaren har fått med seg alt ved å fortelja også om det som er uomtvista. Energien må i staden brukast der det er usemje. Prosessen vil verta meir målretta og effektiv om energien vert brukt på dei punkta der slaget vil stå.

I Gulating legg me opp til bruk av noko meir omfattande planmøter under saksførebuinga for at advokatane saman skal tydeleggjera kva det er usemje om, og som må løysast av retten, og korleis ein vil leggja opp saka. Kontradiksjon så tidleg i prosessen er meint å få saksførebuinga inn på rett spor. For lagmannsretten vil partane som hovudregel ikkje få meir tid enn det tingretten brukte. Helst mindre, for mykje vil vera avklart når ein kjem til ankerunden. Det må lagast ein plan for gjennomføringa av rettsmøtet og retten får eit ansvar for at tidsplanen vert følgt.

Kort sagt må det nokre justeringar til på fleire punkt. Domstolane har ansvar for gjennomføring av sakene, og kan ikkje berre leggja skulda på advokatane for at tidsbruken har gått opp og ikkje ned. Men skal domstolane klara å redusera tidsbruken, er felles oppfatning og felles innsats mellom domstolar og advokatar det sterkeste kortet. Siktemålet er ikkje ein revolusjon, men at me skal klara å snu trenden med auka tidsbruk, for tid er pengar.

Retningslinene og nye malar ligg på nettsida til domstolen.

Lagmann Rolf Strøm

JURIDISKE UTGREIARAR I GULATING

Det var ein forsiktig start for nokre år sidan. Gulating fekk i 2011 tilsetja to utgreiarar, og i 2015 tre til. Så vart den tidlegare jordskifteoverretten ein del av Gulating og me fekk ein jordskiftekandidat som utgreiar. Etter ei ekstern evaluering av ordninga i 2017, leia av førstelagmannen i Borgarting, vart det begeistring både i Borgarting og hjå dei løyvande, og utgreiareininga i Gulating vaks i 2019 til åtte. I Borgarting fekk dei ei eiga eining etter mønster av den i Gulating, og no vil også dei andre lagmannsrettane ha utgreiarar. Kvifor?

Det ligg i namnet at utgreiarane ikkje har kompetanse til å avgjera saker. Dei har derfor ingen rolle i dei muntlege forhandlingane – rettssakene. Men lagmannsretten har også ei stor mengd saker som vert handsama berre skriftleg. Det er særleg desse sakene utgreiarane arbeider med. Den største gruppa av slike saker gjeld anke over ordskurd og avgjerd (kjennelse og beslutning) i sivile saker. Døme på slike saker som vert handsama skriftleg er der den tapande parten i tingretten godtek at han eller ho ikke fekk medhald i hovudkravet sitt, men ankar over fordelinga

av sakkostnadane. Det kan også vera saker om oppseiing i arbeidsforhold der partane ikkje vert samde om arbeidstakaren skal ha rett til å stå i stillinga fram til dom er avgjort. Eller det kan vera anke i saker om gjeldsordning.

Vidare arbeider utgreiarane med ankenektingar. Lagmannsretten kan heilt eller delvis nekta å fremja ein anke når det er klårt at anken ikkje vil føra fram. Når dommarane i ei sak samråystes finn at det er tilfellet, skal retten sei avgjerd om det. Avgjarda må grunngjenvast og syna kva retten byggjer nektinga på. I mange saker kan det vera eit omfattande arbeid å skriva ei slik grunngjeving. Det er difor god ressursutnytting at dommarane får bistand frå utgreiarane til dette arbeidet.

Ein viktig del av utgreiarjobben er å finna fram relevante rettskjelder som rettspraksis og førearbeid og bidra til at avgjerdene frå lagmannsretten er oppdaterte. Eit døme er barnevernsakene der det juridiske landskapet har vore i endring det siste året etter nye avgjelder frå både Den Europeiske Menneskerettsdomstolen (EMD) og Högsterett.

Utgreiarane er opptekne av språkbruk, systematikk og god oppbygging av avgjerdene, og arbeidet som utgreiar gjev svært god trening i å skriva rettslege avgjelder. Utgreiarane får også rikeleg med juridiske utfordringar. I sakene som vert handsama skriftleg, er det mykje juss og ofte kompliserte rettslege problemstillingar. Ofte meir enn tilfellet er i rettssalen, der det ikkje sjeldan er meir fokus på kva faktum ein skal leggja til grunn for avgjelda. Utgreiararbeidet er såleis av utprega juridisk karakter og gjev god trening i å handsama og løysa juridiske problemstillingar. At arbeidet og kompetansen er verdfull, har me sett når utgreiarar har slutta i jobben. Dei har då gått vidare til gode jobbar både i det offentlege og i det private. Det er ikkje berre lagmannsretten som verdset yngre, kompetente juristar.

Slik me ser det, er utgreiarane eit verdfullt tilskot til lagmannsretten og komne for å bli.

Lagmann Rolf Strøm



Utgreiarane Line Andersen, Lene R. Aalén, Helene F. Hanøy, Siri N. Kolbjørnsen, Linn T. Halvorsen, Ingrid Melheim og leiar for utgreirane Anders Hoff.
Foto: Janicke K. Vognstølen

GULATING PÅ ISLAND



Lagmannsretten i Thingvellir nasjonalpark

I Gulathing lagmannsrett arrangerer me kvar haust eit Gulathingseminar for alle tilsette. Gulathingseminaret har etterkvart lange tradisjonar og vert som oftast avvikla innanfor eige lagdøme. I 2019 gjorde me eit unntak og la turen til Island. Der vitja me både Högsterett og lagmannsretten - eller Landsrettur Islands som er det islandske navnet på lagmannsretten.

Island har berre ein landsrett. I Norge har me 6 lagmannsrettar. Den islandske landsretten er ei nyskaping frå 2018. Fram til 2018 hadde Island berre to instansar: Tingrett og Högsterett. Det er 15 dommarar i landsretten. Som i Norge er det tre dommarar som avgjer i kvar sak. I motsetning til i Norge vert ankar over dom i landsretten handsama dels skriftleg og dels muntleg. I tillegg gjenbrukar landsretten lyd- og bildeopptak av forklarinane som partar og vitne ga i tingrettane. Systemet med gjenbruk av lyd- og bildeopptak frå tingretten, og den dels skriftlege handsaminga av sakene, gjer at ankeforhandlingane tek mykje kortare tid enn i Norge. I mange saker ikkje meir enn ein halv dag. For oss i Gulathing var det særskilt interessant å få innsikt i korleis Landsretten nyttar lyd- og bildeopptaka frå tingretten. I Gulathing er me nemleg i gang med eit pilotprosjekt der me skal testa ut gjenbruk av lyd- og bildeopptak frå Jæren tingrett under ankeforhandlingane.

Óg på andre vis skil Landsretten seg frå den norske lagmannsretten. Til dømes er det dommarane som vel domstolsleiar (forseti) og nestleiar, og alle dommar frå landsretten vert forkynt muntleg i rettssalen av forseti kvar fredag. I Norge nyttar me for det meste postforkynning eller frammøteforkynning utanfor rettssalen.

Utnemninga av dommarane til den nye landsretten skapte politisk bråk og saka hamna etter kvart i Den europeiske menneskeretts-domstolen (EMD). EMD konkluderte i mars 2018 med at prosessen i samband med utnemning av fire av dommarane krenkte Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK). Saka skal handsamast av EMD sitt storkammer i løpet av våren 2020.

Landsretten på Island har juridiske utgreiarar. Det har me óg i Gulathing. Juridiske utgreiarar i lagmannsrettane er ein relativt ny ordning i Norge, og førebels berre innført i Gulathing og Borgarting lagmannsrett. Fordi den norske ordninga fortsatt er i støypeskeia var det særleg interessant for oss å høyra om korleis islandingane organiserer og nyttar sine utgreiarar.

Vitjinga i Högsterett var óg svært lærerik. Me fekk ei innføring i Högsterett sin rolle og historie frå forseti i Högsterett og ein av dommarane der. Særleg var det spennande å høyra om prosessen fram til oppretting av landsretten og korleis det har endra rolla til den islandske Högsteretten. Ein bonus var at Högsterett held til i ein flott bygning midt i Reykjavik sentrum som i seg sjølv var verdt ei vitjing.

I det heile var turen lærerik og nyttig for oss og ga inspirasjon til vidare utvikling av vår eigen domstol. Det nordiske samarbeidet er fruktbart og me vonar difor at våre islandske kollegaer snart tek turen til Norge og Bergen.

Førstelagmann Magni Elsheim



Foto: Janicke K. Vognstølen

ÅPEN DAG

Den 14. og 15. november ble det for fjerde år på rad arrangert Åpen dag i lagmannsretten. Opplegget for Åpen dag ble utarbeidet av lagdommer Per J. Jordal, og fra 2018 har lagdommer Elisabeth Deinboll vært med. Tilretteleggere og ansvarlige for kontakten med skolene var i år Henriette Hinna, Mathilde Kjæpenes Riisnes og Tonje Olsnes.

Tanken bak Åpen dag er å gi elever i videregående skole et innblikk i hvordan en straffesak gjennomføres i domstolene. I forkant av Åpen dag får skoleklassene tilsendt saksfremstillingen i en straffesak. Saksfremstillingen er basert på en ankesak som ble behandlet i Gulatings lagmannsrett for en del år siden. I saken sto 3 russegutter tiltalt for vold mot og frihetsberøvelse av 2 unge jenter. Under Åpen dag gjennomføres så en miniretsak hvor elever holder prosedyrer som henholdsvis påtalemyndighet og forsvarer. 5 elever sitter i retten sammen med en av lagdommerne. Etter prosedyrene gir lagdommen kommentarer til innleggene og det gjennomføres en domskonferanse. Til slutt blir domsslutningen lest opp i retten. De elevene som ikke har holdt innlegg eller deltatt som meddommere, stemmer over utfallet ved håndsoprekning.

Tilbud om å delta på Åpen dag blir sendt ut til alle videregående skoler i Hordaland, og interessen er stor. Flere skoler har vært med hvert år siden oppstarten. Deltakerne er elever som tar rettslære på 2. eller 3. trinn. I år deltok til sammen 16 klasser fra i alt 9 ulike skoler. Det er satt av 1 time til hver enkelt klasse. Elevtallet i hver klasse varierte fra 11 til 32.

Elevene imponerer oss. De er engasjerte og godt forberedt. Flere av prosedyreinnleggene er fullt på høyde med det vi ellers erfarer i domstolen. Diskusjonene i domskonferansen viser evne til refleksjon. I år var det eleven som stilte i retten med stresskoffert og slips. Tilbakemeldingene fra elever og lærere er at Åpen dag er «høydepunktet» i skoleåret, og lærerne legger opp rettslæreundervisningen slik at det skal passe inn med opplegget som vi tilbyr.

Lagdommer Elisabeth Deinboll

TANKER FRA EN NYSLÅTT PENSJONIST

Mitt virke som lagmann i Gulating lagmannsrett ble avsluttet ved årsskiftet. Nærmere 50 års virke innenfor rettsvesenet var over.

I denne tiden har det skjedd mye som har hatt betydning for arbeidet i domstolene.

Første gang jeg kom til tingretten (den gang herredretten), ble jeg møtt av store metallkasser som rommet grunnbokarkene for embetskretsen. Hvert enkelt dokument ble ført manuelt, og føringen ble kontrollert av en dommer (konferering).

Saksbehandlernes oppgaver med rettssakene besto mye av å maskinskrive dommer og kjennelser etter diktat eller konsept. Å gjøre endringer, var komplisert og noe man burde unngå.

I dag er tinglysning og andre registreringsoppgaver fjernet fra domstolene, og den enkelte dommer er selvhjulpen når det gjelder utforming av avgjørelsene. Redigeringer og endringer i avgjørelsene kan gjøres på et hvilket som helst tidspunkt. Saksbehandlernes oppgaver er til dels betydelig endret.

Digitale hjelpe midler har gjort sitt inntok, og utvikles stadig, med nytt utstyr og til nye bruksområder. Prosessskriv og andre saksdokumenter tilflyter domstolene gjennom Aktørportalen. De faktiske dokumentutdragene foreligger digitalt, ikke i form av omfangsrike papirhefter eller tallrike ringpermer.

Parallelt med denne utviklingen har det kommet nye prosesslover, ny internasjonal rett er inkorporert i norsk rett, og har fått stadig større betydning. Mange domstoler har fått nye og tidsmessige lokaler, blant annet Gulating lagmannsrett. Tiden i et trangbodd og upraktisk tinghus er et tilbakelagt stadium.

Et annet trekk i utviklingen er oppfølging av og krav til domstolenes eksterne medhjelpere; meddommere, sakkyndige og tolker. Service overfor offentligheten og medhjelpere står sentralt.

Endringene har vært omfattende, og utviklingen fortsetter, ikke minst innenfor bruken av digitale hjelpe midler. Spørsmålet om bruk av kunstig intelligens i domstolene har allerede vært lansert.

Domstolenes sentrale oppgaver er likevel de samme som tidligere; å løse konflikter mellom borgerne i samsvar med gjeldende rett, og fastsette reaksjoner for straffbare handlinger, alt innenfor en rettferdig og tillitvekkende prosessordning.

Digital dokumentbehandling eller papirdokumenter; den menneskelige faktor vil fortsatt være avgjørende



Lagmann Jan Erik Erstad: foto: Janicke K. Vognstølen

for de beslutninger domstolene tar. Det samme gjelder for prosessledelsen, skriftlig eller muntlig.

Viktigheten av høy faglig kompetanse og gode menneskelige egenskaper kan derfor ikke overvurderes. Domstolene må holde seg orientert om utviklingen i samfunnet generelt, og rettsreglene spesielt. Når det gjelder å ta i bruk nye arbeidsmetoder og nye verktøy, må domstolene være ledende.

Innad i den enkelte domstol, må det skapes et miljø som bygger opp den enkelte medarbeiter både faglig og menneskelig, og som oppfordrer til åpenhet og samhold. Støtte, positiv meningsutveksling og omsorg må være sentrale elementer. Det må være et mål at alle skal trekke i samme retning og gjøre arbeidsdagen lettere og overkommelig for alle.

Gulating lagmannsrett har solide forutsetninger for å kunne realisere et slikt mål og på den måten ivareta alle medarbeiderne og sin oppgaver i samfunnet. Det vil alltid være rom for forbedringer, og innsatsen må pågå kontinuerlig.

Så får vi håpe at neste gang du henter vann eller kaffe, møter du en kollega av kjøtt og blod, ikke en robot som lader batteriene. Og at det neste gang du går i retten, ikke sitter en kappekledd robot ved din side.

Jeg ønsker Gulating lagmannsrett og alle medarbeidere lykke til.

Pensjonert lagmann Jan Erik Erstad

GULATING LAGDØME

Gulating lagmannsrett er ein av seks lagmannsrettar i Norge. Forutan lokale våre i Bergen, har me faste kontor og faste rettslokale i Stavanger og Haugesund. I tillegg set me rett andre stader i lagdømet etter behov.

I embetskrinsen var det per 1. januar 2019 til saman 1 109 893 innbyggjarar, som fordele seg slik på dei tre fylka:

Rogaland:	475 654
Hordaland:	524 495
Sogn og Fjordane:	109 744

I dei tre fylka var det i 2019 til saman 86 kommunar, og i Gulating lagdøme er det 8 tingrettar:

- Bergen tingrett
- Stavanger tingrett
- Dalane tingrett
- Jæren tingrett
- Hardanger tingrett
- Haugaland tingrett
- Sunnhordland tingrett
- Sogn tingrett og Fjordane tingrett


Lagmannsretten er ankeinstans for følgjande jordskif-terettar:

- Haugalandet og Sunnhordland jordskifterett
- Indre Hordaland jordskifterett
- Indre Sogn jordskifterett
- Nord- og Midhordland jordskifterett
- Nordfjord jordskifterett
- Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett
- Sør-Rogaland jordskifterett
- Lista Jordskifterett

ORGANISERINGA AV GULATING LAGMANNSRETT

Gulating lagmannsrett er den nest største ankedomstolen i landet. Lagmannsretten er organisert i to dommaravdelingar, ei utgreiareining og ein administrasjon med sekretariat og fellesenester. Domstolen ligg i Bergen sentrum. Lagmannsretten vert leia av ein førstelagmann, som saman med direktøren og to avdelingslagmenn har ansvar for den daglege drifta.

Organisasjonskart for Gulating lagmannsrett



**Leiargruppa i Gulating har i
2019 vore:**

Førstelagmann Magni Elsheim
Avdelingslagmann Martin Tenold
Avdelingslagmann Rolf Strøm
Direktør Kari Tepstad Utvær

Dommarar avdeling 1

Martin Tenold
Jan Erik Erstad
Rune Voll
Håvard Romarheim
Stig Sjong
Rannveig Sjøvoll
Guri Elisabeth Molven
Haakon Meyer
Berit Moldskred Mo
Bjørn Lillebergen
Jarle Golten Smørødal
Per J. Jordal
Grethe Strandborg
Gro Berge
Roar Klausen
Arild Oma
Marie Trovåg

Dommarar avdeling 2

Rolf Strøm
Hanne Sophie Greve
Jon Atle Njøsen
Wiggo Storhaug Larssen
Margareth Christophersen
Carl Petter Martinsen
Ole Arne Linga
Torstein Frantzen
Vigdis Bygstad
Knut Harald Braathen
Kai Ove Roseth
Vidar Bergtun
(jordskiftelagdommar)
Beate Blom
Ingrid Kjeldstad Gullaksen
Elisabeth Deinboll
Bjarte Askeland

Konstituerte dommarar:

Marie Trovåg (frå 14.02. til 30.11)
Arnt E. Skjefstad (frå 02.01. til 30.06)

Avdelingskonsulentar:

Avdeling 1: Gunvor Knudsen –
Helga Herfindal
Avdeling 2: Inger Røyrbotn Låstad

Juridiske utgreiarar:

Marie Trovåg (leiar til 13.02)
Anders Hoff (leiar frå 01.04)
Kathrine Engelsgjerd Eikestad
Sigrun Larsen Valderhaug (vikar)
Ingrid Melheim (jordskifteutgreiar)
Lene Roska Aalén (vikar)
Helene Frich Hanøy
Kamilla Hessevik Paulsen
Siri Nyhus Kolbjørnsen
Linn Tordal Halvorsen (attende frå
permisjon 01.12.)

Sekretariat:

Henriette Hinna (leiar)

Saksbehandlarar:

Lena Osberg Fauskanger
Veronica Iversen
Wenche Lund
Tonje Olsnes
Wibecke Søraas Onarheim
Line Liebrecht Steffensen
Mathilde Kjæpenes Riisnes (vikar)
Sarah L. Kristiansen (Stavanger)
Helga Herfindal
Henriette Bergli Lillestøl
Linda Mjaatvedt Moen
Alice Hatlelid Opdahl
Hjørdis Skogen
Tonje Jerstad
Silje Johnson (vikar)



Lagmann Martin Tenold, førstelagmann Magni Elsheim, lagmann Rolf Strøm og direktør Kari Tepstad Utvær. Foto: Janicke K. Vognstølen



Berammingsmøte: Inger R. Låstad, Rolf Strøm, Martin Tenold, Gunvor Knudsen og Helga Herfindal. Foto: Magni Elsheim

Rekneskap/fellesteneste:

Sara Camilla Deisz
Cornelia Helén Ohr
Cate Norheim (vikar)

Janicke K. Vognstølen

Rettsbetjentar:

Tom Landa (Stavanger)
Terje Olav Høiland (Stavanger)
Edvard Natvig (Stavanger)
Thor-Magne Haugen (Bergen)
Ove Johannessen (Bergen)
Reidar Borlaug (Bergen)

I tillegg til faste og konstituerte dommarar nyttar lagmannsretten ekstraordinære dommarar. I 2019 har desse **ekstraordinære dommarane** gjort teneste:

Arne Fanebust
Ove Midttun
Gunnar Steintveit
Arne Solberg
Rannveig Sjøvoll
Birger A. Stedal
Helge Lillebø
Geir Tonning
Daniel Lunde
Bjørn Lillebergen
Gunnar Steintveit

Ressursgruppedommarar:


Per Magne Isaksen
Jørn Ree
Ernst Moe

Sikkerheit og service:

Sikkerheitssjef: Espen A. Husby
To tilsette

Ikt:

Lagmannsretten deler Ikt-teneste med Bergen tingrett. Avdelinga har to tilsette: Roman Davodov og Niklas Haldorsen. Avdelinga har også engasjert to lærlingar: Ole Martin Johnsen og Imre Olsen Grønbech



Ole Martin Johnsen og Roman Davodov. Foto: Janicke K. Vognstølen

Vikarpool:

Lagmannsretten har ein vikarpool av jusstudentar frå Universitetet i Bergen. Studentane blir kalla inn ved sjukdom og lengre ferie hjå saksbehandlarane:

- Sara Brede Mosand
- Kari Jordal

Avskjed i nåde/slutta i 2019

Lagdommar Rannveig Sjøvoll (31.01)
Utgreiari Kathrine Engelsgjerd Eikestad (14.03)
Ekstraordinær lagdommar Helge Lillebø (31.03)
Ekstraordinær lagdommar Ove Midttun (30.04)
Avdelingskonsulent Gunvor Knudsen (30.04)
Ressursgruppedommar sorenskrivar Per Magne Isaksen (31.05)
Ekstraordinær lagdommar Ørnulf Jacobsen (30.06)
Rettsbetjent Thor-Magne Haugen (30.06)
Utgreiari Sigrun Larsen Valderhaug (14.08)
Saksbehandlar Silje Johnson (11.08)
Ekstraordinær lagdommar Daniel Lunde (30.09)
Lagdommar Bjørn Lillebergen (31.10)
Vikar Sara Brede Mosand (01.12)
Lagmann Jan Erik Erstad (31.12)

Tilsett/utnemnd i 2019:

Utgreiari Siri Nyhus Kolbjørnsen (04.03)
Utgreiari Kamilla Hessevik Paulsen (04.03)
Lagdommar Bjarte Askeland (utnemnd 15.02 – tiltrådt 01.04)
Utgreiari Anders Hoff, (01.04)
Utgreiari Lene Roska Aalèn (01.04)
Utgreiari Helene Frich Hanøy (20.05)
Utgreiari Line Djupvik Andersen (01.06)
IKT-Lærling Ole Martin Johnsen (18.09)
Lagdommar Marie Trovåg (utnemnd 18.10 – tiltrådt 01.12)
Lagmann Guri Elisabeth Molven (utnemnd 18.10 – tiltrådt 01.01.20)
Lagdommar Eivind Pundsnes (utnemnd 18.10 – tiltrådt 01.01.20)



Ekstraordinær lagdommar Rannveig Sjovoll, lagmann Jan Erik Erstad og førstlagmann Magni Elsheim. Foto: Janicke K. Vognstølen



Lagmannsretten på Island. Foto: Janicke K. Vognstølen



Lagdomarane Beate Blom, Per J. Jordal og Grethe Strandborg
Foto: Sarah L. Kristiansen



Lagdomarane Grethe Strandborg, Beate Blom og Per J. Jordal
Foto: Sarah L. Kristiansen



Sivil sak med fagkyndige meddommarar
Foto: Sarah L. Kristiansen



Rettsmeklingsamtale
Foto: Sarah L. Kristiansen

Jordskifterettane i lagdømet





Gulating lagmannsrett

Postadresse: Postboks 7414, N 5020 Bergen

Besøksadresse: Gulatingsplass 1

Telefon: 55 69 39 00

E-post: gulating@domstol.no

Heimeside:

www.domstol.no/Enkelt-domstol/gulating-lagmannsrett